


Auka overskott for vassverket

27.04.2010



Her er inntaket til vassverket i Eikelva. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Årsrekneskapen for Uskedal Vassverk er oppgjort med eit overskott på 239.154 kroner, mot 135.509 kroner året før.

Inntektene auka frå 980.374 til 1.001.729 medan driftskostnadane gjekk ned frå 866.184 til 780.127.

Vassavgifta vart ikkje endra i fjar, då vassverket hadde 395 luteigarar.

Årsmøtet i fjar gav styret fullmakt til å sjå på ei betring av vassinntaket, men dette er utsett ipåvente av planane til grunneigarane om å byggja eit småkraftverk i Eikelva. Her ser ein for seg eit samarbeid om inntak.

Høgst prioritet i år har arbeidet med å betra reserveinntak i elva og ei reservevasskjelde ein annan stad i bygda - uavhengig av kraftutbyggjing. Likeins må digitaliseringa av kartverket gå vidare i år. Store bustadfelt er under planleggjing og utbyggjing slik at vassverket må sjå på det totale vassbehovet i åra somkjem. Styret skal no revidera vedtekten slik at praksis ved utbyggjinger blir i samsvar med den praktis som kommunen har.

Det var uteståande fordringar på 50.773 kroner ved årsskiftet, men etter årsskiftet er dette i hovudsak innbetalt.

Gjelda var ved årsskiftet 938.960 mot 1.068.400 kroner året før.

Av store investeringar i fjar nemnar årsmeldinga trykksil og grovfilter til ein kostnad på 409.749 kroner. I tillegg fekk vassverket naudkloranlegg for 25.300 kroner.

Av Ola Matti Mathisen